

**Kommunen har handsama fleire byggesaker frå Uskedalen i den seinare tid og her er tre av dei:**

\* Arealplanleggjar Ingo Bewer skriv til Prosjekt Konsult Kvinnherad om byggeprosjektet i Nedre Halsane. Han ynskjer at firmaet tar stilling til innkomne merknader - særleg motsegna frå miljøvernavdelinga til fylkesmannen.

Deretter går i dialog og prøver å samordna privatsrettslege forhold mellom samtlege grunneigarar, diskuterer vidare framgang med administrasjonen i kommunen og sender den reviderte planen og føresegner eventuelt tilbake til kommunen.

\* Uskedal Trelastlager/tiltakshavar Terje Rød får byggeløyve for naust på 39,5 kvadratmeter i Korsnes nord. Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår og det ligg ikkje føre protestar. Byggnga kan igangsetjast straks.

\* Støyskjerming ved prosjektet til Byggparner Kvinnherad (Frode Bu) på Ytre Eik har vore vurdert.

- Forslag om støyskjermmot riksveg tas ikkje til følge. Det er kostbart og har liten effekt og får ingen verknad på 2. høgda, skriv Frode Bu.

Han konkluderer med at det for Ronnie og Randi Njåstad ikkje er nødvendig med tiltak og at det for Anna Bjørkevoll og Terje og Samantha Bu blir ekstra lydisolering av veggjar og himling på hems og vindauge. For Bu blir uteplass eventuelt trukke sør for huset.

Av Ola Matti Mathisen